

## Referat

Til stades: Maria Høgetveit Berg - leiar, Mari skeie Ljones - nestleiar  
Nils Øyvind Bergset - nestleiar, Sigurd Johan Heide (Via Skype),  
Aslak O Brimi (frå kl. 12), Åshild Vettrhus, Tor Stallvik, , Helene  
Bolstad - 2.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, dagleg leiar, Eivind Kaasin, tillitsvald (fram til  
kl.12,), Rannveig Djønne under sak 7-11.

Tid: 26.januar kl.9-16.30

Stad: Schous

## Sakliste

- Styresak 2012/01 **Innkalling og sakliste**
- Styresak 2012/02 **Orienterings- og referatsaker**
- Styresak 2012/03 **Klage på Frifond-tildeling**
- Styresak 2012/04 **Årsmelding 2011**
- Styresak 2012/05 **Revidering av handlingsplan**
- Styresak 2012/06 **Budsjett 2012 og 2013**
- Styresak 2012/07 **Landskappleik og Landsfestival - diverse**
- a) Søknad om kongepokal
  - b) Evalueringsrapporten om framtida til Landskappleiken og Landsfestivalen og høyringssvara
- Styresak 2012/08 **Landsfestival -diverse**
- a) Dansetevlinga under Landsfestivalen - innføring som fast klasse
  - b) Grupperespel under Landsfestivalen - endring i reglement
  - c) Open klasse under Landsfestivalen - vidareføring av klassa eller ikkje
  - d) Forslag til Juniorklasse under Landsfestivalen
- Styresak 2012/09 **Rutine for utnemning av årets lokallag**
- Styresak 2012/10 **Rutine for utnemning av årets folkemusikkarrangør**
- Styresak 2012/11 **Søknad om medlemskap frå Trysil2radern**
- Styresak 2012/12 **Oppgjør Kirkegata**
- Styresak 2012/13 **Rapport frå danseutgreiinga**
- Styresak 2012/14 **Oppsummering frå styre- og personalseminar**
- Styresak 2012/15 **Eventuelt**

### **Styresak 2012/01 Innkalling og sakliste**

*Vedtak:* Innkalling og sakliste vart godkjend.

### **Styresak 2012/02 Orienterings- og drøftingssaker**

*Vedtak:* Orienterings- og drøftingssakene vart teke til orientering med desse merknadane;

a) Administrasjonen tek kontakt med Ivar Schjølberg for å be han om å kome med ei grunngjeving for framlegget til vedtektsendringar.

c) Personal

d) FolkOrg held fram med å leige lokalar hos Norsk musikkråd, men er open for flytting på eit seinare tidspunkt om det byr seg ein god moglegheit.

### **Styresak 2012/03 Klage på Frifond-tildeling**

*Vedtak:* FolkOrg tek ikkje klagen til følge då vi har gjort tildelinga etter sentralt bestemde reglar, men FolkOrg vil aktivt arbeide for å endre desse reglene for seinare høve.

### **Styresak 2012/04 Årsmelding 2011**

*Vedtak:* AU får fullmakt til å godkjenne årsrapporten som skal sendast til Norsk musikkråd innan 15.februar, den vil basere seg på årsmeldinga. Endeleg årsmelding kjem til styrehandsaming i neste styremøte.

### **Styresak 2012/05 Revidering av handlingsplan**

*Vedtak:* Styret kjem med innspel på handlingsplanen på e-post innan ei veke og vedtek handlingsplanen endeleg på neste møte. Administrasjonen må til neste styremøte anslå ressursbehov for dei ulike tiltaka og gjere framlegg om prioriteringar

### **Styresak 2012/06 Budsjett 2012 og 2013**

*Vedtak:* Framlegg til budsjett 2013 og revidert budsjett 2012 vert teke til orientering med dei kommentarar som kom fram i møtet. Budsjetta vert endeleg vedteke som framlegg frå styret til årsmøtet på styremøte 2012/02.

## Styresak 2012/07 Landskappleik og Landsfestival – diverse

### Vedtak:

- a) *Solo durspel vert ein del av rulleringa for kongepokal. Det vert søkt om Kongepokal for durspel på Landskappleiken 2012.*
- b) *Styret meiner det ikkje er eit mål i seg sjølv å samle alt i eitt arrangement så lenge det er marknad og interesse for to festivalar. Men vi må ha ein grundig diskusjon om ressursbruken i organisasjonen i høve til dei to arrangementa vi har i dag.*

*Styret vil diskutere framtida for LK og LF på eit seminar på årets årsmøte. Målet er at årsmøtet i 2013 skal gjere eit vedtak i saka. På årsmøtet i 2012 vil styret diskutere to tema på eit seminar.*

*Tema 1: Korleis kan vi best utvikle dagens arrangement? Profesjonalisering, faste arrangementsstader, deling av overskot på dugnadslag, profil på arrangementa og innoverretta eller utoverretta arrangement er aktuelle ting å diskutere.*

*Tema 2: Korleis kan eit framtidig samla arrangement utformast? Aktuelle diskusjonstema er: argumenta for og mot eitt arrangement, framleis kalle det Landskappleiken, ingen kvalifisering, færre eller fleire finalar, samle seniorklassene, men utan å avslutte systemet med premiegrader. Styret ser også at vi kan la eit samla NM vere ein moglegheit i år kor det er vanskeleg å finne to arrangørar. Reglement for eit slikt mogleg arrangement takast inn i tevlingsreglementet og gi oss fleksibilitet.*

*Styret håpar at laga og medlemmene kan drøfte dette før årsmøtet.*

## Styresak 2012/08 Landsfestival -diverse

### Vedtak:

- a) *Styret i FolkOrg ynskjer at dansetevlinga under Landsfestivalen vert innført som fast klasse. Det reviderte tevlingsreglementet og dommarskjemaet vert handsama på styremøte i mars 2012.*
- b) *Prøveordninga om å stille med same instrument inntil to gongar gruppespel under Landsfestivalen vert forlenga i to år, til og med Landsfestivalen i 2013.*
- c) *Det vert ikkje lenger open klasse på Landsfestivalen. FolkOrg ynskjer i staden å stimulera til at gruppespel skal få større variasjon og breidde i instrumentbruk, klangfarge og representasjon frå ulike delar av landet. Fokus på Landsfestivalen skal vere dans og dansemusikk*
- d) *Det vert innført ei klasse for junior samspel utan avgrensingar på tal på deltakarar, (to eller fleire) under Landsfestivalen. Reglementet for klasse vert handsama under styremøtet i mars 2012.*

### **Styresak 2012/09 Søknad om medlemskap frå Trysil2radern**

*Vedtak: Trysil2radern vert teken opp som medlemslag i FolkOrg dersom laget endrar vedtektene sine til å innehalda at alle medlemmene og laget skal vera medlemmer i FolkOrg*

### **Styresak 2012/10 Rutine for utnemning av årets lokallag**

*Vedtak: Styret går in for framlegget til retningsliner, og handsamar endelege retningsliner og kriterium for årets lokallag på styremøtet i mars.*

### **Styresak 2012/11 Rutine for utnemning av årets folkemusikkarrangør**

*Vedtak: Styret går inn for framlegget til retningsliner med dei kommentarane som kom fram i møtet, og vedtek endelege retningsliner og kriterium for årets folkemusikkarrangør på styremøtet i mars*

### **Styresak 2012/12 Oppgjør Kirkegata**

*Vedtak: FolkOrg betalar resten av kravet frå Norsk musikkråd over en periode på 5 år.*

### **Styresak 2012/13 Rapport frå danseutgreiinga**

*Vedtak: Administrasjonen sender inn merknadar på utkast til danseutgreiing på bakgrunn av attendemelding frå styret.*

### **Styresak 2012/14 Oppsummering frå styre- og personalseminar**

*Vedtak: Saken kjem opp på ny på styremøte 2012/02. Fokus vil då vere kva for kulturpolitiske prioriteringar er viktige at FolkOrg arbeider for overfor politiske styresmakter. Vi vil og drøfte dette per e-post før AU og dagleg leiar skal i møte med storfraksjonen i Familie- og kulturkomiteen 29.februar.*

### **Styresak 2012/15 Eventuelt**

#### **Søknad om medlemskap i FolkOrg frå Havbrusen folkemusikklag**

*Vedtak: Havbrusen folkemusikklag vert teken opp som medlemslag i FolkOrg dersom laget endrar vedtektene sine til å innehalda at alle medlemene og laget skal vera medlemer i FolkOrg.*

#### **Framlegg til nye heidersmedlem**

Det kom framlegg om nye heidersmedlem i møtet, desse vil bli endelig handsama i møte styremøte 2012/02